

**Fra:** Ingebjørg Erikstad [Ingebjorg.Erikstad@sfj.no]

**Til:** Postmottak Kultur [postmottak.kultur@sfj.no]

**Kopi:**

**Sendt:** 12.04.2018 18:51:10

**Emne:** VS: Vedr: Søknad om økonomisk støtte til etablering av fullskala fotabllhall i Florø- Storhallen i vestStorhallen i vest, datert 25.09.2017

**Vedlegg:** image001.png; image002.jpg; Framdriftplan storhall i Florø pr 4.april 2018.pdf; Sak 013-18 - Kommunedelplan for Florø sentrum - offentlig høyring, mVEDTAK.pdf; KU-Konsekvensutgreiing storhallen april 2018.pdf; Plankart.pdf

**Fra:** Bortne Rune <Rune.Bortne@flora.kommune.no>

**Sendt:** torsdag 12. april 2018 14:35

**Til:** Ingebjørg Erikstad <Ingebjorg.Erikstad@sfj.no>

**Kopi:** Kløvfjell Margit Drivenes <MargitDrivenes.Kløvfjell@flora.kommune.no>

**Emne:** Vedr: Søknad om økonomisk støtte til etablering av fullskala fotabllhall i Florø- Storhallen i vestStorhallen i vest, datert 25.09.2017

Syner til dykkar svarbrev 1597/18, datert 11.01.2018.

Som avtala i hyggelig møte 7.februar og i mail 21.mars vil vi nytte høve til å sende dykk nye og utfyllande opplysningar i saka om Storhallen i Florø.

**Som vedlegg til denne mailen finn de:**

- Sak 013/2018 – Kommunedelplan for Florø sentrum – offentlig høyring, m/VEDTAK
- Plankart
- Konsekvensutgreiing (KU)
- Framdriftsplan – forprosjekt storhall 2018

Kommunedelplan for Florø Sentrum vart behandla i Plan- og samfunnsutvalet 10.april og vert lagt ut til offentlig høyring. Kommunedelplanen for Florø Sentrum inneheld m.a plankart, føreseigner, planomtale, konsekvensutgreiing (KU), m.m.

Som ein del av sentrumsplanen er det laga ein konsekvensutgreiing (KU) der ein grundigare har vurdert forskjellige tomtealternativ for plassering av Storhallen. 6 alternativ er vurdert, 3 ved Flora VGS og 3 ved sentralidrettsanlegg og Litjevatnet.

Utgangspunktet for vurdering har vore at storhallen må ha:

- Nærhet til eksisterande idrettsanlegg, driftsfordelar og sambruk
- Nærhet til brukarane, skular og befolkninga; korte og trygge gang- og sykkelveggar
- Eksisterande infrastruktur; vegar, VA, straum, parkering (sambruk)

Nedanfor tek vi med utsnitt frå plandokumenta på dei delar som angår Storhallen og plassering av denne, omtala som OP2 på plankart i sentrumsplanen.

**Tilrådingar i Kultur og idrett:**

innføringa i KU en seier at:

" *Konskvensutgreiinga peikar ut alternativa ved Litlevatnet og parkeringsplassen ved Flora Vgs som dei beste alternativa. Men det siste alternativet gir store ulemper for naboar, og dermed peikar Litlevatnet seg totalt ut som det beste alternativet. I KDP Florø Sentrum blir her krevd detaljreguleringsplan for området*"

Arbeid med detaljregulering for området ved Litjevatnet blir sett i gong medio april og vil gå parallelt med høyring og handsaming av sentrumsplanen. Dette vert gjort for å ikkje tape tid i hallprosjektet.

Kart som syner planområde OP1 og OP2 :



Føresegnene:

3.3.2 Florø ungdomskule og idrettsanlegget

OP1	
-----	--

Umrådet er sett av til skule, idrett og friluftsliv/rekreasjon/oppleving.

Det skal ikkje gjerast tiltak i område som vil endre området sin karakter vesentleg når det gjeld bruk.

Utvikling som høyrer inn under føremålet, herunder påbygg av eksisterande bygg og anlegg, er tillate.

Det skal leggjast til rette for universelt utforma gang- og sykkelveg gjennom området som sikrar godt tilrettelagt tilkomst frå parkeringsplass til grøntområda i Litjeåsen og Storåsen og kring Litjevatnet.

## OP2

Området er sett av til idrett, friluftsliv/rekreasjon/oppleving.

Det skal utarbeidast detaljregulering før tiltak kan gjerast.

Ved regulering og søknad om tiltak vert det kravd fjerning av ureigna grunn frå den gamle skytebana.

Tiltak skal realisere tursti på sørsida av Litjevatnet og tilpassast landskapet på ein god måte.

Det skal leggjast til rette for universelt utforma gang- og sykkelveg gjennom området som sikrar godt tilrettelagt tilkomst frå parkeringsplass til grøntområda i Litjeåsen og Storåsen og kring Litjevatnet.

Området ligg inntil del av Storeåsen som er innafor omsynssone for ras- og skredfare. Det skal visast korleis området skal sikrast mot ras.

### Retningslinjer:

- Området er ein del av grønstrukturen i byen, og ferdselsårane gjennom og til området bør utformast på ein slik måte at dei oppmodar til bruk og held høg standard når det gjeld universell utforming.
- Det er mogleg, innanfor område å utvide/organisere areala for trafikk og parkering.

### Frå Planomtalen:

#### 2.2.16 Fullskala fotballhall

Flora-fotballen har hatt ei fantastisk utvikling dei siste åra. Det har vore jobba godt på alle nivå, og det toppa seg med opprykk til OBOS-ligaen i 2016 og plassering midt på tabellen i 2017. Det er brei politisk semje om å jobbe for å få på plass ein fullskala fotballhall. Plassering er vurdert i områda rundt dei eksisterande idrettsanlegga ved Flora Vgs og stadion.

### Resultatmål

- Det er lagt inn offentleg formål til tiltaket ved Litlevatnet
- Detaljreguleringsplan er ferdig utarbeidd i 2018
- Storhallen står ferdig til bruk i 2020.

### Mål med bygging av Storhallen

Ein vil peike på at behovet for treningsflater er langt større enn det kommunen i dag kan levere. Målet med å bygge Storhallen er å sikre tilstrekkelig kapasitet for innandørsidrettane som er i vekst, og for fotballen som treng meir treningsflate. Bygginga skal sjåast i samanheng med utvikling av sentrum, kultur- og næringsutvikling og i samanheng med alle anlegg i anleggsporteføljen, inkludert turstiar/turvegar og nærmiljøanlegg. Ein viser i denne samanheng til tidlegare innsendt søknad der Prosjekt 2020 – Storhallen i Vest var omtala.

## Realisering av Storhallen er viktig

- for innandørsidrettane
- for fotballen
- for Flora VGS
- for folkehelse
- for byen, byutvikling – regional utvikling

For å kunne realisere og bygge Storhallen forutset ein fullfinansiering i eit spleiselag mellom private, kommune og fylkeskommune der partane må bidra med høvesvis 20, 40 og 30 Mill kr.

Vonar på ei positiv avgjer på søknaden vår i junimøte på fylkestinget.

Om det er noko som treng meir forklaring eller utdjuping så berre ta kontakt med underteikna.

Beste helsing,  
Rune Bortne  
Prosjektleder idrett



Tlf. 90098955

Heimeside: <http://www.flora.kommune.no>